

Helse Bergen HF
Haukeland universitetssjukehus
5021 Bergen

Haukeland, 23.5.2018

Til våre samarbeidspartnare

Høyring Utviklingsplan 2035 Helse Bergen HF, og varsel om forlenga høyring for Prehospital plan

Nasjonal helse- og sykehusplan (Meld. St. 11 2015-2016), legg til grunn at alle helseføretak skal utarbeide utviklingsplanar. Ein utviklingsplan skal gi føringar for korleis føretaket skal utvikle seg for å kunne møte dei framtidige behova for helsetenester innanfor rammene for verksemda. Den nasjonale rettleiaren for arbeid med utviklingsplaner har vore utgangspunkt for arbeidet saman med føringar frå Helse Vest RHF.

Det er eit førsteutkast til utviklingsplan som no blir sendt på høyring. Etter tilbakemeldingar frå kommunane, har vi utvida høyringsfristen til **24. august 2018**. For utkast til Prehospital plan ber vi om høyringssvar **innan 10. august**.

Høyringsfråsegner sender de til postmottak@helse-bergen.no, merk gjerne med saksnummer 2018/5601. Fråsegna vil bli publiserte på www.helse-bergen.no etter kvart som dei kjem inn.

Planen vil bli ferdigstilt etter høyringsrunden, og styret for Helse Bergen skal behandle den endelege planen 27. september.

Vennleg helsing



Eivind Hansen
administrerande direktør



Ingvild Sunde
prosjektleder Utviklingsplan 2035

Vedlegg:
Utkast til utviklingsplan 2035 Helse Bergen HF

Høyringsinstansar:

Brukarutvalet i Helse Bergen
Ungdomsrådet i Helse Bergen
Kommunane i føretaksområdet
Hordaland fylkeskommune
Helse Stavanger HF
Helse Førde HF
Helse Fonna HF
Helse Vest IKT AS
Sjukehusapoteka Vest HF
Sykehusinnkjøp HF Divisjon Vest
Haraldsplass Diakonale Sjukehus
NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus AS
Betanien sjukehus
Solli DPS
Voss DPS
Stiftelsen Bergensklinikkene
Stiftelsen Crux Kalfaret behandlingssenter